



Tormod Øverbø og Mona Våle.



TELEBONDEMANN: Anne Karin Haugen, Karianne Haugland, Anette Østbø, Hedda H.



KVITVEIS: Ungane i Hjørdal barnehage ivrig opptatt med å plukke kvitveis.

Blomstrø barnehage

–Ei gong til. Alle versa, forlangar Hedda Høgetveit.

Me er i lavvoen på Nord-Hovland, saman med 12 ungar og fire tilsette frå Hjørdal barnehage. På enkle benkar i solskinet, midt i eit grønkledd kulturlandskap, har barnehagen besøk av ein musikalsk gjest.

Villblomar

–Ikkje alle versa ei gong til vel, kan me ikkje berre ta versa om grisen og geita då, spør Ingvill Marit Buen Garnås. Ho får medhald, og så får me høyre to vers av songen Telebondemann ei gong til.

–Og garden heiter Ria di Via di Ostan tia, di o di o di Schjom, Schjom, Schjom, syng ungene. Buen Garnås er dagleg leiar av Kulturlandskapsenteret i Telemark og fortel at ho legg vekt på songar som er knytt til kulturlandskapet i formidlinga si. Og det blir meir enn synging. Buen Garnås viser ungene plansjer av villblomar og fortel litt om kvar enkelt. Med handa kvilande på ein god og rund mage fortel ho dette.

–I eldre tider brukte dei denne blomen, Marihand, som beroligande middel for fødande. Men eg trur ikkje eg vil satse på det, smilte ho. Så stemte dei i med ei gamal solbøn, skriven ned i Tuddal av Lindeman.



Øgetveit og Ingvill Marit Buen Garnås syng om ein Telebondemann.

nde jedag

Orkidè

Dei unge hjartdølane fekk sjøvsagt høyre om fylkesblomen. Den ljosegule Systemarihand, som det blømer så mykje av i bygda no, sjølv om orkidèen står på raudlista over freda artar.

–Denne er det ikkje lov å plukke, sa Buen Garnås, og ungane nikka lydig. Så vart det meir song, og Rjukan Krukan var populær. Ei storøygd jente fortel at Rjukan Krukan sto på ski og køyrde rett over rova på dotter si, men at det endte godt for rova blei lodda på att. Av dei tilsette får me høyre at dei heilt bevisst prøver å lære ungane ein del songar på dialekt. Så forsvann gjengen frå to til seks år, ut i enga, for å plukke kvitveis.

Låvå låvå Line
Solbøn

Tru sole måtte skine
Ivi topp, ivi tre
Ivi folk, ivi fe
Ivi åker, ivi eng
Ivi Jomfru Maria si raude gullseng.

(gamal solbøn skriven ned i Tuddal av
L. M.Lindeman i 1860)

–Skal seie dette var eit interessert og ivrig publikum, konstaterte Buen Garnås, nøgd. Håpet er at ungane også fekk med seg litt om bakgrunnen for kulturlandskapet dei ser i dag. Ung krok skal tidleg krøkjast, heiter det vel. Biletserie frå denne hendinga på heimeside til Telen.



MARI NYMOEN



Anne Karin Haugan.



Magnhild Garnås Haugen litt misfornøgd.



Jonas Hagen.

